Var EF sine verdiar dei rette for Norge?

EI NY TID MED STORE SPØRSMÅL OG POLITISK «VEKKING»

SVEIN IVAR LANGHELLE

For mange blei åra frå 1965 til 1975 ei tid for å stoppa opp og tenkja seg litt om. Gamle sanningar blei utfordra, gamle heltar fekk stilt spørsmål ved seg. Var etterkrigstida si veksttenking klok? Var det ikkje andre verdiar som var meir viktige enn pengar? Førde industrialisering med seg fleire problem enn det løyste? Var me i ferd med å øydeleggja natur og sunn og god levemåte? Var vår viktigaste allierte USA først og fremst undertrykkjande og farleg for freden, og ikkje den garantisten for det trygge og frie som det var blitt hevda?

Dette var nokre få av mange spørsmål som blei stilt. Og så eitt til: Var ikkje vårt samfunn ganske patriarkalsk og på mange måtar veldig urettferdig mot den halvparten av folket som var kvinner?
Det var ei oppbrotstid. Tilliten til at industrialisering og økonomisk vekst var vegen til eit betre samfunn, ein tillit som hadde vore heilt dominerande i etterkrigstida, blei kring 1970 avløyst av tvil og protest. Mange gjorde opprør mot det dei oppfatta som materialisme, overforbruk og rovdrift på naturen, utbytting av den fattige verda og autoritære og undertrykkande samfunnsforhold.

Det var på mange måtar ei vekkingstid. Ikkje slik som religiøse vekkingar hadde vore før, men like fullt ei tid då mange kom til ny erkjenning. Ungdom reiste til universiteta og kom tilbake etter kort tid som «nyfrelste» med nytt syn på mange av dei store spørsmåla. Og ofte med klare svar på vanskelege spørsmål.

Forfattarane av Norsk Idehistorie peikar på at bakgrunnen for vekkinga var både internasjonal og nasjonal. Internasjonalt var Vietnam-krigen avgjerande for mange som reagerte sterkt på USA si krigføring i Vietnam. Det galdt både for brutaliteten som kom til syne på TV-skjermane på ein måte som aldri hadde skjedd før, men også for sjølve prinsippet om å blanda seg inn i eit anna land. Antiamerikanismen vaks seg sterk og utfordra den tradisjonelle beundringa for «vår viktigaste allierte». Samstundes var sympatien for den tredje verda både sterk og veksande.



Kampen mot den amerikanske krigføringa i Vietnam mobiliserte til demonstrasjonar og ulike aksjonar over heile landet gjennom fleire år, særleg blant ungdom ved dei store lærestadene. Her frå eit demonstrasjonstog på Karl Johans gate.
Foto: Arbeiderbladet / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

Kampen mot den amerikanske krigføringa i Vietnam blei først og fremst ført gjennom Solidaritetskomiteen for Vietnam. Den hadde eit sterkt maoistisk preg, men var i stand til å mobilisera over heile landet og i store delar av året, særleg blei ungdom ved lærestadene mobilisert i demonstrasjonar og ei rekke ulike aktivitetar. I åra 1971 og 1972 la EF-striden beslag på mykje av engasjementet og arbeidskapasiteten på norsk venstreside og tok mykje av krafta ut av Vietnam-rørsla.

På venstresida klarte ikkje dei tradisjonelle kommunistpartia å tolka og fanga opp opprøret, som det på mange måtar var dei norske maoistane som fronta. I alle fall var dei mest høgrøysta. Dei var også sterke motstandarar av Sovjet-kommunismen, medan kulturrevolusjonen i Kina og Mao Zedongs tenking var den store leiarstjerna. I tillegg var sympatien for den tredje verda sterk, iblanda ikkje så lite geriljaromantikk.

Samfunnskritikken var både «raud» og «grøn» og retta seg mykje mot industriveksten og den moderne kapitalismen. Vekstoptimismen, den som hadde prega politikken i 1950- og 1960-åra, blei angripen. Kritikken gjekk på negative sider ved krav om effektivisering, strukturrasjonalisering og vekst. Det galdt befolkningspress i byane og nedgang i folketalet i distrikta, sentralisering av næringsliv og makt, så vel som store og byråkratiske einingar både i næringslivet og offentleg forvalting. Dei ville stansa utviklinga mot eit



Mardøla-aksjonen var eigentleg fleire mindre aksjonar sommaren 1970, og som var retta mot kraftutbygging i Eikesdal i Romsdal. Aksjonen kom til å ha mykje å seia symbolsk når det galdt å ta vare på urørt natur. Det blei mellom anna tatt i bruk sivil ulydnad på ein ny måte. .
Foto: Arbeiderbladet / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

hardare samfunn, og utbyttinga av svake folkegrupper og land måtte bli stansa.

Naturvern smelta saman med miljøvern og samvet for heile verda og blei eit sentralt tema i idedebatten og mange av samfunnskonfliktane på 1970-talet. Dette galdt også i striden om EF-medlemskap.

Ideologisk var nei-rørsla ein allianse mellom politisk radikalisme og verdikonservatisme. Dei såg ein felles fiende i det dei meinte var overnasjonalt byråkrati og internasjonal storkapital, og dei kunne samlast i forsvaret av det dei kalla «sjølvråderetten», og som dei nok ville bruka til temmeleg ulike føremål.

Mardøla-aksjonen var på mange måtar eit vendepunkt i miljøkritikken. Aksjonen var retta mot kraftutbygging av Mardalsfossen i Romsdalen og hadde form av ein ikkje-valdeleg aksjon med sivil ulydnad.

Gjennom EF-striden vaks det fram alliansar og tette arbeidsfellesskap på tvers av normale politiske skilleliner. Det galdt særleg for motstandarane, men også for tilhengjarane. Nye politiske arbeidsformer – prega av aksjonar, direkte opinionspåverknad og «direkte demokrati» – fekk innpass.

Den nye samfunnskritikken styrka av fleire grunnar motstanden mot EF-medlemskap. Slik dei såg det, ville ei uønska utvikling bli forsterka ved medlemskap i EF.

Dette er eit viktig og avgjerande punkt i forståinga av styrken i nei-rørsla. Ho samla svært mange av dei samfunnskritiske rørslene som var blitt så styrka i åra rett føre, og ho gav dei ei felles sak å kjempa for. Ho kunne eina kulturkonservative som var skeptiske til «u-norsk» tankegods. Bonderørsler med motstand mot alt som kunne trua eller redusera landbruket og bøndene sine posisjonar i norsk økonomi og samfunnsliv. Revolusjonære som ville omstyrta heile samfunnet med eit kommunistisk samfunn som endeleg mål.



Olav Gjærevoll blei utnemnd til landets (og verdas) første miljøvernminister. Han hadde denne posten i fem månadar, til regjeringa Bratteli gjekk av i oktober 1972. Gjærevoll er her i september 1970. . *Foto: Arbeiderbladet / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek*

«Vekkingane» som starta i siste del av 1960-åra, slo ut i fullt oppbrot i det neste tiåret. Parti som blei identifiserte som «Vekstparti» og store næringsorganisasjonar kom under sterk kritikk. 1970-åra var prega av kvinneopprør, sameopprør, miljøkampen og utkantprotestar. Då folkefleirtalet i 1972 sa nei til medlemskap i EF, oppfatta mange dette som at hovudlinene i etterkrigstida si politiske og økonomiske utvikling blei forkasta. For ein periode blei internasjonale ressursspørmål og verda sine fattigdomsproblem viktigare i utanrikspolitikken enn forholdet mellom aust og vest.

Økonomisk vekst år etter år gjorde at arbeid og inntekt var



Kring 1970 blei likestilling mellom kvinne og mann sett på dagsorden på ein måte som aldri hadde skjedd før. Kvinnefronten blei skipa i 1972, og frå denne organisasjonen kom også initiativet til å ta opp igjen ein eldre tradisjon med å markere 8. mars. Her ein plakat frå 1976: Kjemp - men ikke aleine! Meld deg inn i Kvinnefronten. *Foto: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek*

sjølvsagde gode for folk kring 1970. Atvaringar om tap av arbeidsplassar gjorde lite inntrykk. «Mange tykte dei hadde råd til å røysta utan å tenkja på magen», som Berge Furre seier det.

Eit hovudargument for EF-medlemskap var at det skulle sikra høgare økonomisk vekst. Men vekst som overordna økonomisk mål var ikkje lenger så viktig for mange. Dei hadde gjerne ikkje



1. mai 1972 i Oslo. Folkebevegelsen mot EECs tog i Karl Johans gate. Transparent: Stem nei! Denne rørsla var den klart mest kraftfulle i Nei-rørsla. *Foto: Arbeiderbladet / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek*

erfaring med vanskelege økonomiske kår og var meir opptatt av uheldige sider ved industrisamfunnet. Andre verdiar var blitt viktigare, enten dei nå blei kalla «grøne», «raude», «mjuke», eller fall inn under slagord som gjekk på livskvalitet, miljøvern eller vern om ressursane. Også antibyråkratiske stemningar, som gjorde seg gjeldande etter mange års sosialdemokratisk hegemoni, kunne vendast mot EF.

Berge Furre hevdar at det norske opprøret var fundamentert på reaksjon mot industrialismen si utvikling. Forbrukarsamfunnet med den endelaust veksande produksjonen av materielle gode let etter seg eit eksistensielt tomrom av framandgjering, av mangel på livssamanheng, av ikkje å høyra ril, av sviktande meining med liv og framtid. Ein ung generasjon tok imot ein oppfylt visjon av velstand og velferd frå foreldregenerasjonen – og ville sprengja seg rom og fridom til sin eigen.

Og dei såg ei utvikling som dei meinte truga fundamentale livsverdiar, kanskje først og fremst fridomen til å forma framtida. Vekkinga var i sterk grad prega av motstand mot sentralisering av administrativ og økonomisk makt i tunge, urikkelege strukturar, motstand mot tradisjonell autoritet i skulestell og universitet, mot kvinnediskriminering og kjønnsroller, reaksjon mot nedbygging av jordbruk og utkantbygder, vern av natur, miljø og ressursar, reaksjon mot farleg industrimiljø og monotont arbeid. Det blei spurt om mennesket var blitt ei vare i «bruk og kast»-samfunnet? Marxistisk lære blei henta fram, saman med nyare kritisk og antiautoritær teori frå



Kampen for fri abort var ei av dei sentrale sakene til den nye kvinnerørsla.. Lova om fri abort blei vedtatt i 1978. Her er Kvinnefrontens Aksjon for fri abort i mai 1973. Frå venstre: Gunvor Semb, Inge Ås og Idalou Krogvig.
Foto: Arbeiderbladet / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

tenkjarar som Herbert Marcuse i USA og Jürgen Habermas i Tyskland. Ei bølgje som var både grøn og raud, greip delar av ein ung generasjon med både radikale og verdikonservative idear.

Desse ideane og tankane opna samfunnsdebatten på ein heilt ny måte og gav liv og kraft til diskusjonane. Rommet for meiningsbryting og kritikk var blitt større, og utopien hadde kome tilbake i den politiske kulturen. Det var visjonar om eit samfunn som var annleis, utan dagens lyte og urett. Desse «straumdraga flaut saman fyrst og fremst i motstanden mot EF-medlemskap og gav den ei særleg livskraft og vitalitet», skriv Berge Furre.

LITTERATUR:

Benum, Edgar. Overflod og fremtidsfrykt 1970—. Aschehougs Norges Historie Bind 12. (Red. Knut Helle). Aschehoug, Oslo, 1998.
Eriksen, Trond Berg, Hompland, Andreas, Tjønneland, Eivind. Et lite land i verden. Norsk Idehistorie Bind VI. (Red. Trond Berg Eriksen og Øystein Sørensen). Aschehoug 2003.
Furre, Berge. Norsk historie 1914—2000. Industrisamfunnet — frå vokstervisse til framtidstvil. Det Norske Samlaget. Oslo. 1999.

NOTER

[1] Benum: 11.
[2] Eriksen et al: 156.
[3] Benum: 15.
[4] Eriksen et al: 172.
[5] Furre: 308.
[6] Benum: 13.
[7] Benum: 15.
[8] Benum: 11.
[9] Furre: 308.
[10] Furre: 308—310.
[11] Furre: 310.
[12] Furre: 310.
[13] Furre: 310.